

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/2134-2

Tertialrapport 1/2019

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019

- 1 Rammetilskotet vert auka med 52,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 29,400 mill. kr
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,075 mill. kr
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 24,826 mill. kr.
- 4 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 2,350 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 3,600 mill. kr*
 - Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert redusert med 3,000 mill. kr knytt til kostnader ved samanslåingsprosessen*
 - Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert auka med 0,250 mill. kr knytt til tilskot til Redningsselskapet.*
 - Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,500 mill. kr*
- 5 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,910 mill. kr*
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 1,645 mill. kr*
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr*
 - Teneste 5590 Landsliner vert redusert med 0,735 mill. kr*
- 6 Fagskulen i Sogn og Fjordane får ei auka løyving på 0,469 mill. kr. Løyvinga vert dekkja innafor tilgjengelege midlar på teneste 5540 Fagskulen.
- 7 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 22,600 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert auka med 15,000 mill. kr*
 - Teneste 7210 Fylkesvegferjer vert auka med 7,600 mill. kr*
- 8 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,638 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert nytta til breibandsatsing i 2019.
- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 25,025 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 7 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 8 vert teken til vitande.

Vedlegg:

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T1/19.
2. Søknad frå Redningsselskapet
3. Søknad frå fagskulen
4. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan
5. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan
6. Notat til fylkesutvalet: Orientering om nokre større, innkomne søknadar (gjeld 2019) – oppdatert per 20.5.19
7. Rapportering på finansporteføljen
8. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga

SAKSFRAMSTILLING

1. ØKONOMISK STATUS

Tertialrapporten syner eit mindreforbruk på 25,025 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak frigjorde fondsmidlar. Utover dette er mindreforbruket på 0,225 mill. kr og syner at driftsrammene er på eit rett nivå. Elles er ein del av dei tilrådde endringane berre tekniske endringar og omdisponeringar. Alle tilrådde endringar i driftsbudsjettet er vist i tabell i vedlegg 1.

Investeringsprogrammet for bygg legg opp til ein samla reduksjon på 35 mill. kr. Reduksjonen skuldast forskyvingar i prosjekt på om lag 61 mill. kr og ein auke på om lag 26 mill. kr knytt til overført mindreforbruk for 2018.

Investeringsprogrammet for fylkesvegar og skredsikring legg opp til ein samla auke på 1,6 mill. kr. Auken er knytt til overført mindreforbruk for 2018 på 27,7 mill. kr og reduksjon i denne rapporten på 26 mill. kr.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt og statlege overføringer

Fylkesskatt

Pr. mars 2019 har fylkeskommunane ein vekst i skatteinntektene på 4,1 % i høve 2018. Vårt budsjett bygger på statsbudsjettet der det blei lagt til grunn ein vekst på 1,6 %.

I 2019 er skatteøret sett ned, noko som vil gi utslag for skatteinngangen frå og med mars månad. Skatteinngangen for januar og februar er i stor grad knytt til inntektsåret 2018 og gjev såleis ikkje noko godt bilete på skatteinngangen for 2019. Det er enno tidleg på året og fylkesrådmannen rår difor til at skatteanslaget for 2019 vert uendra no.

Rammetilskot

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev oss eit skjønstilskot på 52 mill. kr etter flaumskadar 14. og 15.oktober 2018. Dette er litt over 60 % av dei berekna kostnadane. Fylkesrådmannen legg opp til å nytte 22,6 mill. kr av dette i 2019, jf. pkt. 2.6. Dei unytta skjønsmidlane på 29,4 mill. kr vert tilrådd avsett på disposisjonsfond, for å nyttast i 2020 til oppbygging av Teita bru på fv. 695 ved Byrkjelo. Brua vart skada i flaumen og kostnadane til oppbygginga er ein del av grunnlaget for skjønstilskotet.

Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette at rammetilskotet vert auka med 52 mill. kr, der 29,4 mill. kr vert avsett til disposisjonsfond.

2.2 Lokale inntekter

Generalforsamlinga i Firda Billag har vedteke eit utbytte på 1,5 mill. kr i 2019. Dette gjev Sogn og Fjordane fylkeskommune eit utbytte på 0,075 mill. kr (5%). Budsjettert utbytte i 2019 vert difor tilrådd auka med 0,075 mill. kr.

2.3 Unytta fondsmidlar

I samband med samanslåingsprosessen med Hordaland fylkeskommune er det naudsynt med ein gjennomgang av rekneskap og balanse. Fylkesrådmannen har så langt konkludert med at det står 24,8 mill. kr på bundne fond som ikkje lengre er tiltenkt eit konkret føremål. Desse midlane kan difor frigjerast, og fylkesrådmannen tilrår å avsette midlane på bufferfondet.

2.4 Politisk styring, plan og forvaltning

Teneste 4200 Administrasjon

Sett i lys av regionreforma og at Sogn og Fjordane fylkeskommune snart er historie er det ønskeleg å setje i gong eit arbeid med digitalisering av fylkestingsforhandlingane. Det vert lagt opp til at vi kjøper denne tenesta av kommunearkivordninga, som vil koste om lag 0,6 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår difor at tenesta vert auka med 0,6 mill. kr til dette føremålet.

Vidare vil fylkesrådmannen tilrå å auke tenesta med ytterlegare 3 mill. kr, jf. teneste 4600. Det er store meirkostnadar knytt til arbeidet med regionreforma, og det «frigjorte» beløpet vil kome godt med i eigen organisasjon. Løyvinga vert førebels lagt på denne tenesta, men fylkesrådmannen vil i tertialrapport 2 vurdere om dette bør fordelast mellom politisk og administrativt nivå.

Samla vert teneste 4200 auka med 3,6 mill. kr.

Teneste 4600 Oppgåver utanfor ordinært fylkeskommunalt område

Kostnadar ved samanslåingsprosessen

Det vert vist til sak 6/19 i fellesnemnda der HFK har redusert sitt bidrag for å dekke meirkostnadar i samanslåingsprosessen med 3 mill. kr. For å oppretthalde fordelinga med 60 % frå HFK og 40 % frå oss vert det no tilrådd å redusere vårt bidrag tilsvarende. Tenesta vert difor tilrådd redusert med 3 mill. kr og omdisponert til teneste 4200 Administrasjon.

Søknad frå Redningsselskapet

FU fekk 8.04.19 lagt fram søknad frå Redningsselskapet under «Skriv og meldingar». Ein søkte då om 0,250 mill. kr til delfinansiering av ny redningsskøyte. Søknaden følgjer som vedlegg 2. Signalet frå FU var at fylkesrådmannen skulle vurdere søknaden i tertialrapport 1/19, samt undersøke kva som har vore gjeve til selskapet tidlegare.

Redningsskøyta er kostnadsrekna til 7 mill. kr, og finansieringsplanen syner at ein har fått tilsegn om støtte på totalt 5,650 mill. kr. Dei arbeidar no med å få på plass dei resterande 1,350 mill. kr, der fylkeskommunen er utfordra på 0,250 mill. kr.

Fylkeskommunen har gitt nokre bidrag til Redningsselskapet tidlegare. M.a. fekk selskapets sjøredningskorps Måløy (RMS) 0,1 mill. kr til oppføring av eit bygg i Måløy i 2012. Vidare har fylkeskommunen hatt ein partnerskapsavtale med Redningsselskapet, der vi gav 75 000 kr i årleg tilskot i avtaleperioden.

Fylkesrådmannen meiner redningsskøyta er eit tiltak som vil forbetre beredskapen i regionen, både i høve turisttrafikk og rutegående båtar som vi har ansvaret for. Fylkesrådmannen vil tilrå å løyve 0,250 mill. kr til føremålet. Løyvinga føreset at redningsskøyta vert fullfinansiert.

Samla vil fylkesrådmannen tilrå at teneste 4600 vert redusert med 2,750 mill. kr.

Teneste 4801 Juridisk honorar

I budsjett 2019 er det løyvd 1,5 mill. kr til bistand i samband med SFE-prosessen. Prognosar per 1.tertial syner at dette er for lite. Fylkesrådmannen tilrår difor å auke budsjettet med nye 1,5 mill. kr i 2019.

2.5 Opplæring

Teneste 5100 Utgifter til lokale

Fylkesrådmannen tilrår at 0,910 mill. kr vert omdisponert til teneste 5101 Vedlikehald av skulebygg. Omdisponeringa er ei teknisk justering som følgje av kjøp av Flora idrettssenter.

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Jf. omtale under teneste 5100 og teneste 5590. Denne tenesta vert auka med 1,645 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Som følgje av forskyving i arbeidet med nytt skuleadministrativt system (Visma InSchool) vert tenesta redusert med 2,5 mill. kr i 2019. Det er behov for ei tilsvarande auke i løyvinga i 2021.

Teneste 5540 Fagskulen

Fagskulen har søkt om å få dekke eit samla meirforbruk på 2,483 mill. kr knytt til både drifts- og investeringsbudsjettet for 2018. Søknaden følgjer som vedlegg 3.

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan meirforbruket delast slik:

- Investeringsrekneskapen: Meirforbruket knytt til investeringar på 1,835 mill. kr skuldast ombygging mv (1,358 mill. kr) og eit akkumulert meirforbruk knytt til årlege utstyrsmidlar (0,477 mill. kr).
- Driftsrekneskapen: Akkumulert meirforbruk i drifta på 0,648 mill. kr.

Investeringsrekneskapen:

Fagskulen starta ombygginga av Concord i 2017 utan ei særskilt investeringsløyving. Dette gav eit meirforbruk i investeringsrekneskapen som skulen søkte om å få dekkast inn i tertialrapport 1/18. Fylkeskommunen løyvde då 1 mill. kr til dette og Fagskulen omdisponerte eigne driftsmidlar til å dekke det resterande meirforbruket.

Fylkesrådmannen er uroa over at Fagskulen kjem attende og ber om å få dekkast inn eit meirforbruk i investeringsrekneskapen på same vis som året før. Behova for midlar og finansiering skal avklarast før tiltaka vert sett i gang. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå å dekke meirforbruket knytt til ombygginga av skulen på 1,358 mill. kr. Viss ikkje dette vert gjort, vil konsekvensen vere eit redusert studietilbod, noko fylkesrådmannen er samd med styret i at vil vere uheldig no ved inngangen til Vestland fylke.

Utstyrsmidlane til skulen er ei årleg løyving som skulane har, og her meiner fylkesrådmannen at meirforbruket på 0,477 mill. kr må dekkast inn ved å redusere utstyrsløyvinga til skulen i 2019. Dette er same praksis som eit ev. meirforbruk på dei vidaregåande skulane.

Auka løyving til fagskulen i investeringsbudsjettet er innarbeidd i vedlegg 4.

Driftsrekneskapen:

Fagskulen har ved inngangen av 2019 eit akkumulert meirforbruk på 0,648 mill. kr i driftsrekneskapen. I budsjettet på teneste 5540 Fagskulen er det ein ufordelt sum på 0,469 mill. kr som er knytt til fagskuleutdanning i helse og sosialfag. Desse midlane vil ikkje bli nytta til det føremålet, og fylkesrådmannen vil tilrå at desse midlane vert tildelt Fagskulen. Denne tilleggsløyvinga vil dekke inn mesteparten av det akkumulerte meirforbruket. Utover det må Fagskulen tilpasse drifta si innanfor den ramma dei har. Tildelinga av midlane på 0,469 mill. kr til Fagskulen medfører ingen budsjettendring då dei allereie ligg på tenesta.

Teneste 5590 Landsliner

For å tilpasse budsjettet etter Kostra vert budsjetterte midlar til energiutgifter ved Sogn jord- og hagebruksskule på 0,735 mill. kr flytta frå teneste 5590 Landsliner til teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg frå 2019.

2.6 Samferdsle

Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald

Statens Vegvesen melder om ei samla prognose på om lag 30 mill. kr (brutto) i meirforbruk.

Innanfor drift er meirforbruket på omlag 35 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til ekstraordinært oppryddingsarbeid etter flaumen i Luster i oktober 2018.

Innanfor vedlikehald syner prognosen eit samla mindreforbruk på om lag 5 mill. kr. Tunnel-rehabilitering har eit mindreforbruk på om lag 40 mill. kr grunna forseinkingar i framdrift. Innanfor bru og ferjekai er det eit mindreforbruk på om lag 10 mill. kr. Ut frå dette er det sett i gang meir arbeid innanfor dekkelegging med om lag 11 mill. kr og innanfor vegutstyr, miljø og andre tiltak med om lag 34 mill. kr.

Prognosen på mva. refusjon vert oppjustert med om lag 11 mill. kr. I tillegg vil vi få ein refusjon frå Bremanger kommune på 4 mill. kr i høve eit spleiselag på utbetring av strekninga Kalvåg-Klubben. Samla aukar refusjonsinntektene med om lag 15 mill. kr, slik at meirforbruket vert på om lag 15 mill. kr.

I tillegg er det nødvendig å omprioritere 7,6 mill. kr frå drift og vedlikehald til å dekkje meirforbruk på ferjedrifta, jf. omtalen under teneste 7310.

Den samla økonomiske utfordringa på tenesta vert ut frå dette 22,6 mill. kr som vert løyst ved at tenesta får tildelt skjønsmidlar på 22,6 mill. kr, jf. pkt. 2.1.

Oppsummert:

Auke i brutto løyving til Statens vegvesen	30,0 mill. kr
Auke i mva. refusjon og inntekter	<u>-15,0 mill. kr</u>
Netto meirforbruk	15,0 mill. kr
Redusert løyving - overføring til ferjedrift	7,6 mill. kr
Tildelt skjønnsstilskot	<u>-22,6 mill. kr</u>
Sum	0,0 mill. kr

Teneste 7300 Bilruiter

I FT-sak 9/19 vart det gjort vedtak om at lærlingar skal få reise med studentrabatt. Inntekstapet for 2.halvår 2019 som følgje av dette er berekna til å vere inntil 0,350 mill. kr. Det vert lagt til grunn at det er rom for å dekke dette innanfor budsjetttrammene på teneste 7300.

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Prognosen for tenesta syner eit meirforbruk på 7,6 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at anslaget på kostnadsindeksar som er nytta i budsjettet var for låge. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka med 7,6 mill. kr.

2.7 Næring og kultur

Teneste 7011 Kommunikasjonsteknologi

Fylkeskommunen tildeler Innovasjon Norge midlar som m.a. vert nytta som tilskot og lån til næringslivet i fylket. Delar av desse midlane vert avsett på eit sentralt tapsfond for å dekke ev. tap i samband med utlåna. Når det er tilstrekkeleg med midlar på tapsfondet, vert overskytande tilbakeført. I 2019 er det tilbakeført 1 637 710 kr til fylkeskommunen.

I tråd med tidlegare praksis vert denne tilbakeføringa inntektsført på sektoren næring og kultur. Fylkesrådmannen tilrår at inntekta vert nytta til breibandsatsing i 2019. Dette får såleis ingen salderingsmessige konsekvensar.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram for bygg

Fylkesrådmannen tilrår å redusere investeringsbudsjettet med om lag 35 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak forskyvingar av prosjekt på om lag 61 mill. kr. Dette må løyvast opp igjen i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune. Vidare vert budsjettet auka med om lag 26 mill. kr som følgje av overført mindreforbruk i 2018.

I investeringsbudsjettet for bygg ligg det ei ufordelt løyving på 6 mill. kr til planlegging av nye prosjekt som fylkesrådmannen skulle kome attende med ei fordeling av i løpet av første halvår 2019. Då det er uvisse i framdrifta til prosjekta samstundes som det vert føreslege å forskyve den

ufordelte potten i 2020 til 2021, jf. arbeidsdokument 3/19 til fellesnemnda i VLFK, vil fylkesrådmannen kome attende til dette i tertialrapport 2/19.

For omtale av løyving til Fagskulen vert det vist til pkt. 2.5.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for bygg følgjer som vedlegg 4.

3.2 Investeringsprogram for fylkesvegar

Fylkesrådmannen tilrår ein auke i investeringsbudsjettet i 2019 på 1,6 mill. kr frå 518,1 mill. kr til 519,7 mill. kr. Auken er knytt til overført mindreforbruk i 2018 på 27,7 mill. kr og reduksjon i denne tertialrapporten på 26 mill. kr.

Endringar i Tertial 1/19	Beløp i mill. kr
Overført mindreforbruk frå 2018	27,675
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/19	-26,062
Sum	1,613

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar følgjer som vedlegg 5.

Overførte midlar frå 2018

Som tidlegare år tilrår fylkesrådmannen å overføre meir-/mindreforbruk frå 2018 til dei aktuelle prosjekta i 2019. Samla er mindreforbruket i 2018 på 27,7 mill. kr, fordelt med eit mindre-forbruk på 35,5 mill. kr på ordinære prosjekt og meirforbruk på 7,8 mill. kr knytt til skredsikring.

Endringar i tertialrapporten

Det vert rapportert om endringar som samla gir eit mindreforbruk på om lag 26,1 mill. kr i 2019

Ordinære prosjekt har eit samla mindreforbruk på 47,8 mill. kr, medan skredsikring har eit meirforbruk på 21,7 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære prosjekt er i hovudsak knytt til forseinkingar som gjer at løyvingane må skyvast fram i tid.

Endringar som skuldast forskyvingar mellom år må løyvast opp igjen i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune. Det vert tilrådd følgjande endringar i prosjektløyvingane:

Store prosjekt:

Fv. 606 Ytre Steinsund bru vert auka med 1,9 mill. kr grunna noko høgare kostnader knytt til prosjektering.

Fv. 303 Seimsdalstunnelen vert redusert med 4,5 mill. kr grunna noko forseinka framdrift. Vi reknar med å lyse ut prosjektet i november med oppstart våren 2020. Det vert elles vist til eiga sak om kostnadsoverslag for Seimsdalstunnelen som går parallelt med denne saka.

Førdepakken:

Førdepakken vert redusert med 24 mill. kr grunna forseinka framdrift.

Mindre utbetringar:

Fv.55 Utviding Fortun vert redusert med 4,4 mill. kr. Prosjektet skulle utvide vegen for å få plass til rekkverk. I samband med prosjekteringa vil Statens vegvesen gå bort frå ei utviding pga. dårleg mur under vegen. Det vert no gjort ei ny vurdering av prosjektet som så langt syner ein meirkostnad på om lag 5 mill. kr. Det vert også gjort ei vurdering av om noko av dette vil vere eit vedlikehaldstiltak.

Fv. 92 Krokevasselve bru vert løyvud med 1 mill. kr til prosjektering. Brua fekk i september 2018 store skadar etter eit sprengingsuhell knytt til arbeid på kraftverksdammen ved Krokevatnet. Undersøkingar etter dette uhellet synta at armering av brua ikkje er utført som forventa og brua måtte nedklassifiserast. Brua har også ein kurvatur som gjer at køyretøy med lengde over 12 m har vanskar med å passere. Statens vegvesen har vurdert at reparasjon av brua kun er marginalt

billigere enn bygging av ny bru (2,4 mill. kr). Reparasjon vil heller ikkje kunne betre situasjonen med dårleg kurvatur. SVV tilrår difor at det vert bygd ny bru. Kostnaden med dette er berekna til om lag 14,4 mill. kr med 15 pst. uvisse. Sidan brua vart påført store skadar i bruspenet etter sprengingsuhellet vart delar av prosjektet ei forsikringssak. Avklaring av dette vil kunne ta lenger tid enn å bygge opp att brua. Løyving til bygging av ny bru vert å komme attende til.

Fv. 243 Bellsvingen Aurland vert auka med samla 1,4 mill. kr grunna meirforbruk.

Fv. 243 Møteplassar Aurland- Bellsvingen vert auka med 3,2 mill. kr. Av dette er 1,7 mill. kr pga. høgre kostnader enn forventa. I tillegg er det ønskjeleg å gjera noko meir tiltak på strekningane, mellom anna rekkverk på møteplassane og dekklegging til ein kostnad på 1,5 mill. kr.

Fv. 609 Nye møteplassar i Askvoll vert auka med 1,2 mill. kr grunna meirforbruk. Prosjektet er avslutta.

Gang og sykkelveggar:

Fv.548 Brandsøy-Solheim vert redusert med 4,2 mill. kr knytt til framdrift i prosjektet.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik vert redusert med 21 mill. kr grunna forseinkingar. Reguleringsplan vil tidlegast vere klar i juni. Tidlegast oppstart av entrepris er november 2019. Dette er føresett godkjent reguleringsplan i juni og utlysing av konkurransegrunnlag i løpet av august.

Trafikktryggingstiltak:

Løyvinga vert auka med 0,9 mill. kr knytt til meirkostnader på trafikkisikkerheitstiltak.

Planlegging og prosjektering:

Planlegging og prosjektering vert auka med 5,6 mill. kr. Meirbehovet er i hovudsak knytt til Atløysambandet, Seimsdalstunnelen og fv. 614 Svelgen – Indrehus.

Grunnkjøp m.v. for avslutta prosjekt:

Løyvinga kan reduserast med 4,3 mill. kr knytt til prognoser for attståande utbetalingar. Midlane vert å sjå i samanheng med saldering av meirbehov på øvrige prosjekt i investeringsprogrammet.

Skredsikring:

Budsjettet til skredsikring vert auka med 21,7 mill. kr. Dei største endringane er knytt til følgjande prosjekt:

Fv. 53 Ljoteli vert auka med 32 mill. kr grunna forventa forskotsutbetaling til entreprenør.

Fv. 691 Åstranda i Gloppen vert redusert med 5,7 mill. kr ut frå prognose på forbruk i 2019.

For mindre salderingar knytt til avslutning av prosjekt vert det vist til vedlegg 5.

4. ANDRE SAKER

I FU-sak 42/19 la fylkesrådmannen fram eit notat der det vart orientert om nokre større, innkomne søknadar.

FU signaliserte at to av søknadane, Lærdal Grønt og Njøs Næringsutvikling, må sjekkast opp mot statsstøtteregulverket. Dette er gjort i eit eige notat (frå NKA til frm) som ligg under vedlegg 6. Her har vi og vurdert eit par andre prosjekt.

Etter møtet i FU er det i tillegg komme ytterlegare 3 søknadar om støtte. Fylkesrådmannen har difor utarbeidd eit oppdatert notat om innkomne søknadar som følgjer som vedlegg 6.

5. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT

Rapportering på finansporteføljen per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/19. Rapporten følgjer som vedlegg 7.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/19. Rapporten følgjer som vedlegg 8.